

Fiskereglar for Aurlandselva m.m.

1. Omfattar

Aurlandselva, Vassbygdelva og Vassbygdvatn. Vassbygdvatnet følgjer reglane i Vassbygdelva.

2. Fisketider

Fiskesesongen startar 1. juli og sluttar 10. september. I Vassbygdelva sluttar fisket 15. sept.

3. Reiskap

Det er berre tillate å fiske med fluge eller mark i elvane. Som søkke skal det nyttast splitthagl. Bruk av dobb er forbode. Flåting/dorging i Vassbygdvatnet med sluk/spinnar opp til 25 gr.

4. Minstemål

All aure med lengde mindre enn 35 cm. skal settast attende i elva så uskadd som råd.

5. Døgnkvote og sesongkvote

Det er *døgnkvote* på 1 sjøaure pr. fiskar. Når døgerkvoten er oppfylt skal fisket avsluttast inntil neste fiskedøger. Døgnkvota gjeld for den einskilde fiskar, og kan ikkje overdragast til andre fiskarar eller soner. I tida 1. -10. september er det kun lov med fang og slepp i Aurlandselva.

Det er *sesongkvote* på 1 sjøaure over 3 kilo pr. fiskar. Kvota gjeld for den einskilde fiskar, og kan ikkje overdragast til andre fiskarar eller soner.

Levende gjenutsett fisk vert ikkje rekna med i kvotane.

Kvoteordninga og avgjerda om å stoppe fiske når kvota er teken, er bestemt/vedteke av lokalt fagråd for Aurlandselva. Avgjerda er av omsyn til gytebestanden i vassdraget.

6. Desinfisering

Alle som har nytta utstyr og bekledning i andre vassdrag er pliktig å desinfisere dette før utstyret vert brukt i Aurlandselva, Vassbygdelva og Vassbygdvatn. Desinfisering skjer hjå Skresanden camping, ved John Turlid, tlf: 959 79 890 og Skaim hytter, ved Hallgeir Aasen, tlf.: 479 00 12. kr. 100,-.

7. Rapportering

All fanga fisk over minstemålet skal rapporterast inn, også fisk som er sett ut att. Det skal takast skjellprøvar av all fisk som vert avliva. På Aurland jakt og fiskelag sine soner kan fangstmelding og skjellprøvar leverast i oppsette kassar, evt. sendast til Arne Veum, Ytstebøen 5, 5745 Aurland.

8. Laks

All laks er freda. Fanga laks skal settast ut att så uskadd som råd. Laks som må avlivast skal leveres til Elveigarlaget v/Bjørn Vike, tlf. 48 09 54 68 eller Aurland jakt og fiskelag v/Arne Veum, tlf. 99 56 76 09 eller Helge Morten Vangen, tlf. 95 17 25 99. Fisken vil verte gitt til Aurland Helsetun.

9. Reguleringar og omsyn

Det er ikkje tillate å fiske frå bruer. Vis respekt for midtskilet i elva og ta elles omsyn til andre fiskarar. Ikkje legg igjen søppel. Ta vare på miljøet og landskapet omkring.

10. Straffebestemmelser og oppsyn

Brot på reglar kan medføre advarsel/bortvising og eventuelt melding til politiet dersom der er brot på offentleg regelverk. Brot på reglar kan også medføre mista rett til seinare kjøp av fiskekort. Det vil bli utført oppsyn i elva.

Ved spørsmål, kontakt Bjørn Vike, leder i Aurland elveigarlag, tlf: 48 09 54 68 eller Arne Veum (Aurland jakt og fiskelag sine soner), tlf. 99 56 76 09.

Gjenutsetting

Fiskeforvaltinga har lange tradisjonar for å drive "retta fiske". Retta fiske inneber at det er lagt avgrensingar på uttaket av fisk i eit vassdrag i høve til minstemål, kva artar det er lov å fiske etter, kor mykje fisk ein har lov til å ta, livsstadier på fisken (gytemogenheit/utgytt), osv. Slike fiskereglar har som mål å utnytte fiskebestandane på ein best mogleg måte og å gjera bestandane robuste. Bestandane av laks og sjøaure på Vestlandet er i dag små. Stadig fleire sportsfiskarar ønskjer difor å sette attende fisk, sjølv om dei har lov til å behalde fisken, som eit bidrag til å auke bestanden. Det vil vera positivt fordi fleire fiskar får gyte, fleire fiskar får moglegheit til å vekse opp, og den genetiske variasjonen aukar. Dette vil i sin tur også vera positivt for sportsfisket.

Gevinsten ved å sette ut att ein sjøaure er særleg stor fordi den er ein fleirgongsgytar, dvs at den kjem attende til elva fleire gonger for å gyte. Store produktive fiskar er i så måte særleg verdifulle. Studier utført av Norsk institutt for naturforskning (NINA) syner at størsteparten av fisk som blir sett ut att overlever.

Framgangsmåte for å sette fisk ut att:

- Unngå å køyre fisken så lenge at den blir heilt utsliten.
- Når fisken er håva, hald håven i vatnet medan du legg frå deg stanga og klargjer for gjenutsetting.
- Ikkje lyft fisken etter halen, og ikkje klem fisken i buken eller gjellene.
- Ta ut kroken medan fisken ligg i håven i vatnet. Unngå å ta fisken ut av vatnet meir enn naudsynt. Ikkje legg den på tørt land. Dersom kroken sit vanskeleg til er det betre å klippe fortaumen og la kroken sitte.
- Vei fisken i håven (knuteløs håv), eller ta ei rask måling av lengda på fisken ved hjelp av stanga eller eit målband om du ønskjer å anslå vekta på fisken (63 cm = 3 kg målt fra snutespiss til spissen på halefinna).
- Snu fisken på rett kjøll mot straumen.
- Hald fisken forsiktig rundt sporen og under buken. Hald den stille medan den kjem til hektene. Slepp den når den forsøker å koma seg laus.
- **Tips:** Bruk av stor knutelaus håv og krokløysartong eller nebbaks gjer gjenutsetting enklare. Sirkelkrokar til markfiske krokar godt og er lettare å få ut enn andre kroktypar.

Det har vært ein auke i talet på fisk som vart sett ut att i fiskesesongen dei siste åra. I same periode har det vært ein markant auke i gytebestanden av sjøaure i Aurlandselva/Vassbygdialva.